



Utkast - Forskrift om ekstra rapportering av talet på barn for private barnehagar i Time kommune

Fastsett av kommunestyret i Time kommune xx.xx.2026 med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar \(barnehagelova\) §§ 19 og 19a](#) og [forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar \(finansieringsforskrifta\) § 5](#).

§ 1 Føremål

Kommunen kan i forskrift fastsetje at dei private barnehagane skal rapportere om forhold som er nemnde i første ledd på fleire tidspunkt i tilskotsåret, og kva som skal til for at tilskotet skal endrast i løpet av året. Forskrift etter første punktum skal fastsetjast før tilskotsåret tek til, [if § 5 i forskrifta](#).

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle private barnehagar i Time kommune som har rett til kommunalt tilskot etter barnehagelova og tilhøyrande forskrifter.

§ 3 Rapportering av barnetal

Time kommune har innført ei ekstra rapportering på talet på barn per 15. August. Rapportering skal leggst til grunn for berekning av tilskot for hausthalvåret.

§ 4 Justering av tilskot

Avvik mellom rapportert barnetal i august og berekningsgrunnlaget frå 15. desember året før gir grunnlag for å justera tilskotet for hausthalvåret inneverande år, i samsvar med [forskrift om finansiering av tilskot til private barnehagar](#) og Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Time kommune for 2027.

§ 5 Vilkår for utløysing av tilskot etter rapportering

For at rapporterte plassar skal gi grunnlag for tilskot, må plassane vera tatt i bruk.

§ 6 Særleg om eittåringar

Det blir gitt tilskot for eittåringar som er med i rapporteringa per 15. august, og har oppstart seinast innan utgangen av oktober.

§ 7 Informasjon

Forskrifta og tilhøyrande praktisering blir gjennomgått årleg med private barnehagar.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01.01.27